



# Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 1 - 2015 - 74. årgang



*Denne friske gjengen er konfirmantar denne våren.  
Måndag 23. mars kjem dei og bankar på hjå deg mellom 16:30 og 19:00 som  
bøsseberarar til årets fasteaksjon. Vi vonar dykk tek vel imot dei.*



# Påskehilsen fra biskopen

## Ja, jeg tror på korsets gåte

Ja, jeg tror på korsets gåte, sies det i en salme den danske salmedikteren Grundtvig skrev, fritt etter Arnulf fra Louvain fra før 1250.

Korset er Jesu Kristi merke, tegnet på kjærligheten som er sterkere enn døden. Kirkens tro er at Jesu død var i dypere berøring med alle menneskers død, fordi han var Guds sønn.

I området for det gamle handelsstedet på Mjøsstranda er det funnet et gammelt kors, kalt Hamarkorset. Det er en av de eldste gjenstandene som forteller om at kristendommen kom til vår del av verden. Lignende kors er funnet i Sverige, Baltikum og østover i Europa. Det ser ut til å være et kvinnekorset. Noen brakte det hit. Noen som hadde erfart korsets gåte.

## Ja, jeg tror på korsets gåte

Korset som symbol tar opp i seg både Jesu liv, og kristendommens dypeste mysterium. Det er gjennom korset Gud viser sitt ansikt i verden. I korset som symbol samles all verdens krenkelse, ondskap og død. Samtidig er korset tegnet for den oppståtte Kristus, kjærligheten sterkere enn døden.

## Ja, jeg tror på korsets gåte

Jesus gikk inn i all verdens lidelse og enkeltmenneskets smerte.

Jesus så menneskene. Han forsto hva de lengtet

## Påske og trusopplæring

Lom kyrkjekommune har eit offensivt og bra opplegg for trusopplæring i dei tre sokna. Me prøvar å fylgje opp alle borna som vert døypt med forskjellige tiltak og oppgåver.

I samband med påskehøgtida planlegg me eit trusopplæringstiltak saman med 4.klasse på Loar skule. Me vonar at me skal få til å «plante» eit påsketre i kyrkja, som elevane kan pynte med forskjellige påskesymbol.

Påsketreet vert vist fram på messa i Lom kyrkje sundag 22. mars kl.11:00.

etter. Både de rikes og de fattiges lengsel kunne han møte. Menneskene ble sett og ble invitert til gudstro og et annerledes liv.

Jesus stilte seg på det lille menneskets side i kampen mot ondskap, lidelse og død og utfordrer oss til det samme.

Den stille uke og påska er tett på både liv og død, tett på sorg og glede, tett på alt det som hører med i et menneskeliv. Apostelen Paulus samler «korsets gåte» - med alt som er i dybden, høyden og bredden - på denne måten:

For jeg er viss på at verken død eller liv, verken engler eller krefter, verken det som nå er eller det som kommer, eller noen makt, verken det som er i det høye eller i det dype, eller noen annen skapning, skal kunne skille oss fra Guds kjærlighet i Kristus Jesus, vår Herre (Romerbrevet 8, 38-39)

**God påske!**

Med hilsen Solveig Fiske  
Hamar biskop



## Bispevisitas

Det vert bispevisitas her i bygda til våren, og vi ventar biskop Solveig Fiske hit **5., 6., og 7. mai**, samt til visitasmesse i Lomskyrkja sundag 10. mai. Detaljert program for visitasen vil stå i neste kyrkjeblad, som vil kome ut kring 1. mai. Det vil også kome annonsering i lokalavisene og på heimesida vår.

## Samtale med konfirmantane

Konfirmasjonane i mai og juni i dei tre kyrkjene våre nærmar seg. Men først vert det samtale-gudsteneste med konfirmantane i Lom kyrkje sundag 26. april kl. 19.30. Det er den såkalla «overhøyringssessa» - der konfirmantane deltek med tekstar og song/musikk.

## Kommune og kyrkje – hand i hand?

For tida skjer det store endringar og reformer i Den norske kyrkje. Etter at Stortinget for nokre år sidan valde å løysa banda mellom stat og kyrkje, er det i dag få som tør spå om kyrkja si framtid. Korleis vert organiseringa av kyrkja, kva med økonomien i kyrkja og vert det færre sokn og kyrkjer?

Samstundes ser me store endringar òg når det gjeld prestetenesta. Buplikta for prestar står for fall og organiseringa av prestetenesta vil måtte bli annleis i framtida. Kommunereforma ynskjer jo færre og større kommunar – kan hende me i framtida ser færre kommunar med fleire prestar innan same kommune?

Det som likevel ligg fast inntil vidare er mykje av lovverket som regulerer forholdet mellom det offentlege og kyrkja. Blant desse er Lov om Den norske kyrka (Kyrkjeloven) frå 1996 heilt sentral.

Det er naudsynt å minne politikarane våre på denne lova. For i lova sin paragraf 15 står det tydeleg og konkret at kommunen har eit økonomisk ansvar for kyrkja. På mange måtar har me ikkje lenger ei statskyrkje i Noreg, men ei kommune-kyrkje.

Her er kommunens ansvar mellom anna å utrede utgifter til bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, utgifter til anlegg og drift av gravplassar og utgifter til

kyrkjelege stillingar, mellom anna utgifter til kontorhald for prestar.

I ei tid med nedskjeringar og tøffe tider for mange kommunar, er det naudsnyt nok ein gong å peike på desse lovpålagnede oppgåvane kommunen har i forhold til kyrkja.

I Lom kommune opplever me at utgiftene til kyrkja aukar – medan tilskotet frå kommunen står på staden kvil. Dette kan ikkje fortsette mykje lenger.

Kyrkja må sjølv sagt gå igjennom prosessar med både omstilling og effektivisering slik alle andre offentlege etatar må gjera – men me må sørge for ei ansvarleg drift av kyrkjene våre i Lom. Det må òg politikarane i Lom ta ansvaret for.

For kva er alternativet? Stengje nokon av kyrkjene i kommunen? Færre messer om sundagane? Seie nei til bryllaup frå folk som kjem utanfor Lom sine kommunegrenser?

Kommunen må ta ansvar for forsvarleg drift av kyrkjene i kommunen. Klarer ein ikkje det, må politikarane fortelja oss kva me skal skjera ned på – og kva tenester me ikkje lenger kan tilby folket.


*Einar Gelius*

## Glimt frå messene


Sundag 8. februar inviterte vi 9-åringane i bygda til kyrkje for å gje dei biblar, men det var ikkje mange som kom denne sundagen. Det skal vere usagt om dette skuldast ettermælet av stormen «Ole» eller feiring av Morsdagen, men det var triveleg at nokre kom i alle fall. Somme varsla og om at dei ikkje fekk høve til å møte opp, men ynskte å ta imot bibelen likevel. Det fekk dei sjølv sagt!



Amund Bjørnstad Kolden tok imot bibelen sin.



- like eins Erik Grøna og Axel Antonius Schakenda.



På kyrkjekaffe etter messa vart bibelen nøyde studert under prekestolen.

# Kyrkjevalet 2015

## Kyrkja di har bruk for deg

Den norske kyrkja er inne i ei spanande fase. Prosessen med endra relasjonar mellom Staten og Den norske kyrkja held fram. Kyrkjevalet 2015 vert arrangert i ein periode der kyrkja skal ta grunnleggjande vegval for framtida.

Soknerådet der du bur er med og avgjer kva visjonar og mål kyrkjelyden skal ha. Saman med presten og dei andre tilsette og friviljuge medarbeidarane skal rådet ivareta kyrkja si oppgåve: å vekke og nære det kristelege liv i kyrkjelyden.

Rådet har eit ansvar for det som skjer i kyrkjelyden, og skal vere med å skape ei levande kyrkje som er open for alle. Kyrkjelyden sitt arbeid spenner over mange tema. Vi nemner i stutte trekk miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, samt jus og økonomiforvalting.

Rådet rår også over arbeidet med trusopplæring blant dei døypte mellom 0 og 18 år, fastset ofringar, har uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop, samarbeider med friviljuge i kyrkjelyden.

Som medlem i rådet får du høve til å fremje saker du sjølv synest er viktige, og kan med det påverke kyrkja sitt arbeid i ditt lokalsamfunn.

## Fakta kring kyrkjevalet.

**VALDAG:** Måndag 14. september 2015 (same dag som val til fylkesting og kommunestyre) er det val til Lom kyrkjelege råd og direkte val av leke medlemmar til bispedømeråd og Kyrkjemøte.

Røystinga skal gå føre seg i Bøverdalens sokn, Garmo, Lia og Lom. Kunngjeringa vidare skjer i kyrkjene, ved utsending av valkort, i lokalavis og kyrkjebladet.

**VALPERIODA:** Er på 4 år, frå 2015 til nytt val i 2019.

Nytt sokneråd sit: 1. november 2015 - 31. oktober 2019.

Nytt bispedømeråd sit: 1. januar 2016 - 31. desember 2019.

**RØYSTERETT:** Kvar medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som i 2015 vil ha fylt 15 år eller er eldre har røysterett. Per januar i år er det 213 røysteføre som soknar til Bøverdalens

369 røysteføre som soknar til Garmo, og 1238 røysteføre som soknar til Lom.

**KANDIDATAR:** Ein må seinast fylle 18 år i valåret, samt vere medlem i Den norske kyrkja for å kunne stille til val.

**VALSTYRET I LOM KYRKJEKOMMUNE:** Lom kyrkjelege råd tener som valstyre. Dei førebur og leier valet, og ser til at nominasjonsarbeidet vert sett i gang.

## KANDITATLISTER (vallister) til Lom kyrkjelege råd:

- Framlegg til kandidatar skal vere komne inn til leiaren av Lom kyrkjelege råd (Jon Kleiven) seinast 1.mai 2015.
- Skal vere eigenhendig underskrive av 10 røysteføre.
- Skal tydeleg syne:
  - Kva for val det gjeld, med namn på sokn samt valdagar
  - Namna på dei som kjem med forslag, og eventuelt ha grupper sitt namn som overskrift før kandidatane sine namn.
- Skal føre ein tillitsvald blant proponentane som valstyret kan vende seg til ved forhandlingar om listeforslaget.
- Skal ha spurde kandidatar oppført med fullt namn og alder, og – i den grad det er ynskjeleg eller naudsint for å unngå forveksling – med adresse og yrke/stilling.
- Bør ha minst 40% representasjon av kvart kjønn blant dei spurde kandidatane på den einskilde lista
- Skal setjast opp i prioritert rekjkjefølgje.
- Bør ha minst 20% representasjon av kandidatar under 30 år (mr §7-1 a-h).

**NYTT AV ÅRET:** Ved årets kyrkjeval er det høve til å stille alternative lister. Det er eit mål for Kyrkjevalet 2015 at veljaren i enda større grad enn tidlegare skal oppleve å ha reelle valhøve.

Ti røysteføre kyrkjemedlemmar kan gå saman om å stille eige listeforslag ved kyrkjelydsvalet. Slike listeforslag lyt oppfylle krava til kandidatlister i "Regler for valg av menighetsråd (mr)" § 7-1.

Om forslagsstillarane representerer eller utgjer ei gruppe med eit bestemt namn, kan gruppa sitt namn stå som overskrift på listeforslaget.

Vert det fremja listeforslag i tillegg til nominasjonskomiteen si liste, vert valet halde som forholdstalsval.

**FØREHANDSRØYSTING:** Vi vil opplyse i neste kyrkjeblad kva tid det er høve til å røystas på førehand her i Lom kommune. Dette vil tildelegast vere frå 10. august.

De kan lese meir på internett:

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-31#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-31#KAPITTEL_2)

## ÅRETS KONFIRMANTAR:

### Lom kyrkje 24. mai 2015

Jens Blikken  
Ingrid Borgen  
Camilla Brukveen  
Helene Ekle  
Emil Haugen  
Mari Haugen  
Hallvard Helstad  
Elisabeth Nordseth Holm  
Gina Kvamme  
Jarmund Øyen Kvernstuen  
Antonio Cristobal Øfeldt Marstein  
Kjell Erik Nestvold

Espen Barlund Nicolaisen  
Anette Sandviken  
Ida Kamilla Sandviken  
Sebastian Schakenda  
Knut Skarset  
Espen Sveine  
Erlend Synstnes  
Maria Teigen  
Ola Soglo Vestad  
Mari Øien Øverli

### Garmo kyrkje 31. mai 2015

Marie Apalseth  
Torstein Bjørgen  
Iver Byrøygard  
Julie Garmo  
Ingebjørg Hammerdalen  
Malin Kvåle  
Håvar Mørch-Reiersen  
Andrine Reksen Sole

### Bøverdal kyrkje 7. juni 2015

Marvin Moen  
Halvor Hilleren Myren

## Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015: I kriser er vatn kritisk

Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truar menneskes tilgang på reint vatn. I haust overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.

Det er dei fattigaste som vert hardast ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dei som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 barn, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgen, tidleg i oktober, kom flaumen brått til landsbyen.

– Vatnet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til nærmeste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

### Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landevegen utan ly i over ein månad medan dei venta på hjelp. Da flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller eigendalar. Huset vart fullstendig øydelagt og husdyra drukna.

– Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed.

Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammeds familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggleiksvakt, og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familien, og han mista difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevatnet er forureina.

– Dotter mi på to år er vorte sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisinane ho treng for å overleve, fortel han alvorleg medan kona held dottera tett inntil seg.

Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gje Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen igjen får trygt vatn.

### Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller fyrste Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørger for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samstundes jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre vedtaksføre til å stanse klimaendringane.



Muhammed Irsdad (25) i landsbyen Basti Riaz Abad i Punjab, Pakistan, mista alt når flaumen kom. – Dette er den største katastrofen vi har opplevd, seier han.

Foto: Fahim Farid  
Kirkens Nødhjelp.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelpe. 22.-24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydane sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammar. Difor vonar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 i Bøverdalene, Garmo og Lom, anten ved å stille som bøsseberar eller med pengar i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonen si klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

## Informasjon fra Lom Helselag

Lom Helselag er ei underavdeling av Nasjonalforeningen, og har eksistert i Lom i vel 100 år. Det er ein respektabel alder på ei foreining.

Lom Helselag driv arbeid blant innbyggjarane i Lom, det går ikkje noko pengar ut av bygda. Helselaget driv kjøring med minibuss til Aktivitetan på Helseheimen kvar onsdag, og det er to frå Helselaget som arbeider der desse dagane. Vidare gjev Helselaget tilskot til fotpleie for pensjonistar, og laget gjev tilskot til drift av Friviljugsentralen, for tida kr 20 000.- pr år. Lom Helselag er òg ein av fleire eigarar av Friviljugsentralen. Varmvassbading for småborn og reumatikarar var i drift fram til bassenget vart stengt. Denne aktiviteten blir teken opp att så snart bassenget er i orden att. Får vone det ikkje blir så lenge til nå. Helselaget har ein årleg innsamlingsaksjon, ca 7. juni. Desse innsamla midla blir bruk til beste for innbyggjarane i Lom.

For nokre år sidan kjøpte Helselaget inn ein del utstyr til Lom legekontor. Det var slike ting som det ikkje var dekning for på det kommunale budsjettet,

men som legane ynskte seg. Det et slike ting som skikklege vekter til tre legekontor, det er 24-timars blodtrykksapparat, spjelkeutstyr, eit blodprøveanalyseapparat og fleire ting. Samla sum for dette var ca 140 000 kr. I fylge lege Kirsten Beattie, vart legekontoret i Lom etter dette det best utstyrt kontoret i vid omkrins. Tidlegare dreiv Lom Helselag sjukebilen, fram til Oddmund Kolden overtok denne sjølv. Etter krigen gav Lom Helselag støtte til kvinner som ville bli sjukepleiarar, det var Helselaget som starta opp spedbarnskontrollen og heimehjelpsordninga, og laget var ein pådrivar for å starte heimesjukepleie. Med andre ord: Det var Lom Helselag som starta - og var ein pådrivar for det meste innan helsestellet i Lom.

**Denne driftige foreininga har årsmøte på Friviljugsentralen tysdag 10. mars kl. 19:00, og DU er hjarteleg velkommen.**

Arve Nørjordet

# Kunngjeringar

## Kyrkjeklokken i Bøverdalens

Som vi skreiv om i kyrkjebladet før jul, fekk Bøverdal kyrkje i høve sitt 150-års jubileum nye kolvar til klokken i gave frå Lom kommune. Kolvane er komne, men ikkje montert. Årsaken til dette er at sjølve klokken rett og slett er i därleg stand. Skruane som klokken er festa i er svært veike, og opphenget lyt skiftast. Etter synfaring er vi informert om at dette er ein kostnad på over 100 000,- kr.

Som kjent fekk ikkje kyrkja løyvd meir i kommunale midlar enn tidlegare år, så det er ikkje rom for denne utgiftsposten inneverande år. Arbeidet med å finne pengar til dette er i gang, mellom anna med kyrkjeklokken i Bøverdalens som offerformål under gudstenester.

Med andre ord: Ny og sterkare klang i klokken i Bøverdalens let vente på seg.

## Kyrkjelydshuset i Lom

Lom kyrklege råd har den seinare tida diskutert framtida til kyrkjelydshuset i Lom. Kyrkjelydshuset er eit flott bygg med sentral plassering i Lom sentrum – mellom Lom Bygdamuseum og Norsk Fjellmuseum.

I dag vert huset svært sjeldan brukt til kyrkjelydsarbeid. Dei fleste dagane står huset tomt og ubrukt. For kyrkjelyden er dette ikkje nokon god situasjon. Utgiftene til huset aukar, og inntektene ved leige av huset dekkjer så vidt utgiftene. Vert det større utbetringer av huset, vil dette påføre kyrkjelyden store økonomiske kostnader.

Lom kyrklege råd vil difor starte ein prosess der ein vil vurdere sal av kyrkjelydshuset. Det er ei stor sak som sikkert fleire i Lom har ei meinings om. Lom kyrklege råd er difor takksame for råd og kommentarar til ein slik prosess.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på Midtgard for nærmare informasjon.

## Støtt kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Har du eller nokon du veit om ikkje fått bladet, kan det kome av reservasjon mot uadressert reklame. Da er det berre å ta kontakt med kyrkjelydssekretæren, så vil du få bladet adressert og tilsendt.

Bladet kjem ut med 4 nummer i året, og vi legg ved giroblankett for støtte i denne utgåva. Inntektene skal dekkje utgiftene ved utgjeving/utsending.

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta

bladet dette året, og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom.

Det er sjølv sagt høve til å abonnere på bladet om du bur utanbygdes.

## Årets konfirmantjubileum

Er sett til helga 1. og 2. august, med messe i Lomskyrkja sundag 2. august kl. 11:00.

Jubileet i år gjeld dei som stod konfirmant i

### Bøverdal kyrkje

7. oktober 1945, 2. oktober 1955 og 27. juni 1965.

### Garmo kyrkje

23. september 1945, 9. oktober 1955 og 20. juni 1965.

### Lom kyrkje

30. september 1945, 25. september 1955 og 13. juni 1965.

*Informasjon og invitasjon vert sendt ut til desse.*



## LomBARNEKLANG

Da Lom Barneklang starta opp att etter sommaren, hadde vi fått nesten dobbelt så mange medlemmar som før vi tok ferie.

Til vår store glede har auken fortsett utover hausten og vinteren, og nå tel vi 12 ivrige og blide songarar frå fyrste til fjerde klasse!

I løpet av hausten har Lom Barneklang sunge både på jubileumsmessa og ljossessa i Bøverdalskyrkja, og elles song vi på Friviljugsentralen sin førjulsfest på Fossheim.

Utover vinteren og våren skal vi m.a. syngje på Helseheimen att, og vi skal delta på messer både i Garmo og i Lom. Vi skal også syngje under bispevisitasen i mai.

Det er flott og viktig å få oppdrag der vi får syne fram kva vi driv med i Lom Barneklang. Det viktigaste er likevel alle dei trivelege øvingsstundene vi har saman. Vi gler oss til kvar gong. Vi er elles svært takksame for at vi også denne vinteren får god hjelpe av Sølvi og Bjørg.

R.G.B.

# Kunngjeringar

## Kyrkjelydstur

Sigurd Stenersen og Terje Blakarstugun er godt i gang med planlegging av årets kyrkjelydstur. Turen er planlagt **måndag 8. juni**, med avreise fra kyrkjevollen i Lom kl. 07:30.

Ruta vert lagt over Valdresflya til Fagernes, opp til Vang over Filefjell. Vidare ned til Lærdal, så ferje over til Kaupanger. Heimvegen går over Sognefjellet. Pris og detaljert program kjem vi attende til.

*Bindande påmelding til Terje på telefon 61 21 16 75 innan fredag 5. juni.*

## RETTING

I boka om Bøverdalskyrkja som kom ut i høve 150-års jubileet i haust, er det ein detalj som ikkje har vorte med.



Dette gjeld den sjuarma ljosestaken i kyrkja. I boka kjem det ikkje fram at denne var gjeven i gave til kyrkja av Mari Galde (1900-2002).

Ljosestaken var laga av Knut smed, som også laga ljoscloben. Knut var sjølv i kyrkja og såg korleis den var interiørmessig og laga den sjuarma ljosestaken i samsvar med resten.

Vi ber om orsak for at dette ikkje vart med i boka, og vil leggje ved desse opplysingane i dei neste eksemplara av boka etter kvart som vi sel dei. Om nokon som allereie har boka ynskjer å få opplysingane tilsendt, ta kontakt med oss på kyrkjekontoret.

## Heim og ætt



### BØVERDALEN

07.12: Eva Victoria Flaten-Glimsdal  
08.02: Kristine Bergitte Aabø

### LOM

14.12: Vemund Nilspllass, Lora  
25.01: Ronja Haugom Repp, Fåberg  
22.02: Storm Egea Gaukstad, Trondheim  
22.02: Magnus Dønnem Ringebo, Ås



### BØVERDALEN

06.01: Gry Odden, f. 1959

### GARMO

19.12: Arne Kvåle, f. 1946  
06.02: Jarnfrid Odde, f. 1933

### LOM

12.12: Karl Fuglesteg, f. 1922  
30.12: Ingeborg Kristine Mork, f. 1922  
31.12: Tor Smedsmo, f. 1951  
02.01: Guttorm Egil Nordal, f. 1935  
17.02: Kari Husom, f. 1920  
20.02: Ragnar Skjeldens, f. 1925

Dette skrivet er vel ikkje noko stort "dikt-verk", men eg skreiv det for mange, mange år sidan til ein venn som var bitter og hadde det vondt fordi han hadde fått så tunge bører å bera på. Eg har kalla det "Tanker i fastetid" – kanskje det kan vera litt til ettertanke?

*Helsing frå Siss*

### Tanker i fastetid

*Der lyser et kors – det var tungt å bære  
tyngre enn det vi fikk, du kjære  
Og Han som gikk på Lidelsens veg  
Gikk der frivillig – for deg og meg*

*Vegen var tung gjennom Smertens gate  
Men Han kunne gå den, uten å hate  
Og på Korset – den aller tyngste stund  
Hvilke ord kom ut av Hans munn?*

*En bønn for dem som ropte "Korsfest!"  
For dem som hånte Ham aller mest  
En bønn til Hans egne drapsmenns forsvar  
"De vet ei hva de gjør – Forlat dem, Far"*

## Gudstenesteplan

*Jfr. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, skriv vi inn det som skjer i Skjåk kyrkjekommune*

Sundag 08.03.2015 GARMO KYRKJE kl. 11:00. BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.	3.sundag i fastetida Gudsteneste Gudsteneste med barnedåp
Sundag 15.03.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.	4.sundag i fastetida
Onsdag 18.03.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Andakt	
Onsdag 22.03.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.	Maria Bodskapsdag Gudsteneste, offer til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon
SKJÆRTORSDAG 02.04.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00. BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.	Andakt m/ nattverd Skjærtorsdagsmesse. Offer til kyrkje- klokken i Bøverdalen
LANGFREDAG 03.04.2015 GARMO KYRKJE kl. 19:30.	Langfredagsmesse. Offer til Sandom- stiftinga.
PÅSKEAFTAN 04.04.2015 LOM KYRKJE kl. 23:00.	Påskennattsmesse.
1. PÅSKEDAG 05.04.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.	Påskedagsmesse med barnedåp
Sundag 12.04.2015 NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.	2. sundag i påsketida
Sundag 19.04.2015 LOM KYRKJE 11:00.	3. sundag i påsketida Gudsteneste med barnedåp
Sundag 26.04.2015 LOM KYRKJE kl. 19:30.	4. sundag i påsketida Samtalegudsteneste. Offer til eige arbeid, konfirmantarbeidet.
Sundag 03.05.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 18:00.	5. sundag i påsketida Tårnagentmesse. 8-åringar frå Skjåk og Lom vert invitert som tårnagentar på eige opplegg denne dagen
Onsdag 06.05.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.	Andakt

*Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD,  
samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:  
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*

## Påska i Lom kyrkjekommune

Påskehøgtida er ei av dei viktigaste høgtidene i kyrkja, som me vil markere med forskjellige messer i heile prestegjeldet.

Det startar **Skjærtorsdag** med messe på Lom Helseheim kl. 11:00 og med kveldsmesse i Bøverdal kyrkje kl. 19:30.

**Langfredag** vert det langfredags-messe i Garmo kyrkje kl. 19:30.

**Påskeaftan** vert det midnattsmesse kl. 23:00 i Lom kyrkje. Lomsklangen medverkar med korsong.

**1. påskedag** feirar me høgtidsmesse i Lom kyrkje kl. 11:00.



## LOM KYRKJEKOMMUNE ☎

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA**  
på Midtgard mand. – fred. kl. 10:00 - 14:00  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.  
Bankkonto: 2085 07 11772

### LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

### SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40  
Prestegarden: 906 55 838

e-post: soknepresten@lom.kommune.no

### KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38  
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

### KYRKJELYDSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39  
e-post: kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

### ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

### KYRKJETENAR

Jonas Fjeld

Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00  
Tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37 kl. 10:00 – 14:00  
Tlf. Bøverdal kyrkje, 61 21 20 27 kl. 10:00 – 14:00  
e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

### BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

### OMVISARTENESTA

1.oktober – 1.mai:  
kontakt kyrkjeverje eller kyrkjelydssekretær

### KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

### SIDEOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50  
e-post: lasse@dg-trykk.no

## Prestane sin vakttelefon i Nord-Gudbrandsdal

## VAKTNUMMER 414 81 457

Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00

Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er  
15. april 2015**